

From: Harald Sjursen <hara-sj@online.no>
Sent: onsdag 12. februar 2020 19.14
To: NVE; jan.Christian.Andreassen@banenor.no; trygve.skjerdal@aurland.kommune.no; post@aurland.kommune.no; post@aev.no; fretheimanders@gmail.com; arne@aurlendingen.no; Arvid Gilje; astrid.hassel@aurland.kommune.no; bengterlend@naroyfjorden.no; bjar-osk@online.no; bjorn.vike@gmail.com; jan.egil@sognavis.no; jarlett@hotmail.com; jonolav@aurlandhavn.no; post.arnason@gmail.com; Noralv.Distad@aurland.kommune.no; osvald.turlid@gmail.com; reinhardt.sorensen@aurland.kommune.no; sivert.bakk@visitflam.com; snaedis.lb@hotmail.com; post@sognefjordennh.no; stale@sognefjord.no; terjhil@online.no; thorvald.andresen@aurland.kommune.no; olav.ellingsen@privat.alb.no; jorunn.heggdal@gmail.com; johnihokjen@gmail.com; g.johansen@gmail.com; anja.marken@aurland.kommune.no; anitalokken@outlook.com; siverwangen@gmail.com; kjell.widme@hotmail.com; kjell@tokvam.net; jostein@aurlandhavn.no
Subject: Søknad om fornva konsesjon for Kjosfoss kraftverk.
Attachments: Reguleringsendring for Orøyane.docx

Til NVE Konsesjonsavdelinga.

Vedlagt sender eg eit skriv eg sende til Aurland kommune ved ordførar Noralv Distad den 17.01.2016. (På dagen 56 år sidan eg vart forlova med Jenny. Ho er like trufast enno). Aurland kommune prøvde å få overføra vatn frå Kleven og Vindedøla. Dette fekk mykje motbør. Den andre løysingi eg nemde i skrivet, har ikkje vorte presentert for nokon det eg veit om. Om nedtapping av Klevavatnet, Seltufvatnet og kanskje Renungavatnet frå varsling av flaumar vert gjort, slik at flaumen vert dempa med lukeregulering. Då må uttappingsnivået senkast.

Eg ber, for Fåmssamfunnet sin eksistens og trøggleik, at dette vert teke med i søknaden om vidare konsesjon av Kjosfossen kraftvark. Og at Aurland kommune v/ ordførar Trygve Skjerdal engasjerar seg i dette og held det varmt. Særleg saman med bygefolk i Flåm.

Etter ei våkenatt grunna stor flo på natt til 11.02.2020, hindra Brannvesnet i Aurland at floi kom inn i huset vårt. Ei stor takk til dei for det. Lukka var at elvi var liti, elles hadde heller ikkje dei greitt å stoppa vatnet mot å koma inn i huset vårt eller i andre hus og eigedomar frå og med Flåm samfunnshus og ned til oss.

Eg har no mange gonger tenkt på det store fallet av vatn frå Kjoskoss kraftstasjon til botn av gjelet burd vorte utnytta til endå meir rein kraft. Ein kraftstasjon mede i gjelet eller inne i fjellet der ville ikkje vorte synleg frå omvedri, og vatnet i Flåmselvi ville vorte uendra.

Eg ynskjer papirutgåva av søknaden sendt til meg. Ynsker de historiske bilder og kart, så har eg òg det. Eg kan `og vera med å fortelja soge til desse, om det er ynskjeleg..

Med optimistisk helsing.

Harald Sjursen,

Nedre Brekkevegen 48

5743 Flåm.

Sendt fra [E-post](#) for Windows 10